



# Masfjorden kommune

## Innkalling av Formannskapet

**Møtedato:** 13.05.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09:00

Styringsgruppe møte kl. 09.00  
Deretter formannskapsmøte

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til [maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no](mailto:maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

054/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste	S. 1
055/2015	Godkjenning av møtebok	S. 2
056/2015	Nordhordlandspakken - justeringar - ny høyring	S. 3
057/2015	Referatsak	S. 12

7. mai 2015

Karstein Totland, ordførar  
møteleiar

Maud Sleire Holmaas  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/417

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2015	Formannskapet	PS	13.05.2015

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/417

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2015	Formannskapet	PS	13.05.2015

### Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Formannskapet - 30.04.2015

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - Q33	14/645

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2015	Formannskapet	PS	13.05.2015
	Kommunestyret	PS	

### Nordhordlandspakken - justeringar - ny høyring

32T

Justeringar i Nordhordlandspakken - høyring (L)(15503)

Vedlegg (L)(15504)

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland har handsama Nordhordlandspakken, kor alle unntatt Meland kommune slutta seg til fylkestinget sitt løysingsforslaget til Nordhordlandspakken. Etter at det ikkje vart tilslutnad frå Meland kommune er det utarbeidd framlegg til nokre justeringar av pakken.

#### Framlegget til justeringar omfattar følgjande:

1. Auke i investeringsramme med 200 mill. kroner basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
2. Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill. kroner til Lindås og 85 mill. kr. til Meland.
3. Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand-Vikebø opp som nr 2 av prosjekta i Meland.
4. Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt fv. 564 Sandskaret-Holme) opp som nummer 3 av prosjekta i Meland.

Basert på denne skissa til justert pakke vedtok Meland kommunestyre 25. mars å ta opp sak om Nordhordlandspakken som til ny handsaming. Med utgangspunkt i dette vedtaket har styret i Nordhordlandspakken AS søkt Statens vegvesen Region vest om at det vert gjennomført lokalpolitisk behandling av dei justeringane som er føreslegne. Statens vegvesen har tilrådd justeringane det er søkt om, og ber kommunane som er med i Nordhordlandspakken om uttale.

**Konklusjon**

Viser til skriv frå Statens vegvesen av 10.04.2015 – «Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring», og rår til at Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.

Sak 14/645



## Statens vegvesen



Sjå oversikt sikst i brevet

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Helge Oddvin Sandvik - 55516508

Vår referanse:  
2010/084155-045

Dykkar referanse:

Vår dato:  
10.04.2015

### Justeringar i Nordhordlandspakken - høyring

#### Innleiing - samandrag

Etter at det ikkje vart tilslutnad frå Meland kommune til fylkestingets framlegg til endra Nordhordlandspakken i den lokale handsaminga i februar 2015, er det utarbeidd framlegg til nokre mindre nye justeringar av pakken. Dette er justeringar som kjem i tillegg til den versjonen av Nordhordlandspakken som kommunane behandla i januar/februar 2015. Framlegget inneheld følgjande justeringar i høve til fylkestingets framlegg:

- ✓ Auke i investeringsramme med 200 mill.kr. basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
- ✓ Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill.kr. til Lindås og 85 mill.kr. til Meland.
- ✓ Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand – Vikebø opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.
- ✓ Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt Fv. 564 Sandskaret –Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.

Alle andre føresetnader for pakken er uendra.

Framlegget føreset at den fylkeskommunale andelen av pakken på 27 % blir videreført.

Basert på denne skissa til justert pakke vedtok Meland kommunestyre i møte 25 mars 2015 i sak 17/2015 å ta opp saka Nordhordlandspakken til ny behandling. Med utgangspunkt i dette vedtaket har styret i Nordhordlandspakken AS søkt Statens vegvesen Region vest om at det blir gjennomført lokalpolitisk behandling av dei justeringar som er foreslått. Jf. styrevedtak av 26.3.2015. Statens vegvesen vil tilrå justeringane det er søkt om og vil be kommunane som er med i Nordhordlandspakken om uttale.

#### Bakgrunn

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken datert 30.03.2014 blei sendt til lokalpolitisk behandling til kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Fedje, Modalen, Masfjorden, Radøy og Bergen våren 2014, jf. brev frå Statens vegvesen av 30.04.2014. Fylkestinget behandla

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

søknaden i møte 9/10.12 2014 i sak 90/2014. I den lokalpolitiske behandlinga blei det gjort vedtak om ulike føresetnader og endringsframlegg. Fylkestinget tilrådte søknaden med fleire merknader og endringar med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland.

I brev av 16.12.2014 frå Statens vegvesen Region vest blei dei berørte kommunane bedt om å gje uttale til fylkestingets vedtak. Det ligg føre vedtak i sju av åtte kommunar. Seks kommunar har sagt ja til dei merknader og endringar som fylkestinget vedtok. Bergen kommune vil behandle søknaden i nær framtid. Meland kommune behandla søknaden i møte i kommunestyret 18 februar 2015 i sak 8/15 og tilrådte ikkje endringsframlegget frå fylkestinget.

### **Ny behandling av Nordhordlandspakken**

Etter at Meland kommunane sa nei, er det gjort ulike vurderingar om vegen vidare for Nordhordlandspakken. I grove trekk er tre alternativ vurderte. Justere Nordhordlandspakken, etablere ein Nordhordlandspakke utan Meland kommune eller å avvikle Nordhordlandspakken AS, som i praksis ville inneber at pakken blei utsett på ubestemt tid, eller at den ikkje blir realisert.

På styremøte i Nordhordlandspakken AS 5. mars 2015 der fylkesordførar og dei fleste ordførarane i regionen deltok, uttrykte ordførarane i Nordhordland eit sterkt ønskje om å gå vidare med ein bompengepakke der alle kommunane var med, også Meland. Det blei vurdert slik at dette kunne ein best oppnå ved å legge fram nokre mindre justeringar av Nordhordlandspakken.

### **Mindre justeringar av pakken**

Det er mogleg å justere pakken, dels som ein følgje av fylkestingets vedtak om å tilrå ein ny bomstasjon i Isdal, og ved å justere den berekningstekniske renta som er lagt til grunn for finansiering av pakken.

### **Ny bomstasjon i Isdal**

I dei merknader og endringar som fylkestinget vedtok blei det tilrådd ein ny bomstasjon i Isdal. Det er forventa at ein ny bomstasjon vil gjere det mogleg å auke investeringsramma i pakken med om lag 120 mill. kroner.

### **Reduksjon i den berekningstekniske rente frå 6,5 % til 4,5 %**

I bompengeproposisjonar er dagens praksis å legge til grunn ein berekningsteknisk rente på 6,5 %. Gjennom behandling av Prop. 97 S (2013-2014) har Stortinget slutta seg til ei overgangsordning inntil ein rentekompensasjonsordning for bompengelån er etablert. Formålet med ordninga er at lokale styresmakter sjølv skal få større fridom til å sette takstane i bompengeprojekt ut frå venta rente i marknaden og sjølv vurdere påslag for risiko som fylkeskommunen / kommunane ser som forsvarleg for å for å gje garanti for bompengelånet. Vilkår for å kunne nytte lågare berekningsteknisk rente enn 6,5 % er at Nordhordlandspakken blir lagt inn i eit av dei nye bompengeselskapa når det blir etablert. Denne ordninga gjeld også for prosjekt som ikkje er lagt fram for Stortinget. Nordhordlandspakken er ein bompengepakke der omfanget av utbygginga må tilpassast den økonomiske ramma til pakken. All kostnadsauke må følgjeleg løysast innafor den økonomiske ramma til pakken. Pakken inneheld mange mindre prosjekt, noko som gjer det enklare å tilpasse omfanget av utbygginga innanfor den økonomiske ramma til pakken enn om den bestod av nokre få større prosjekt. Regionvegsjefen vil rå til at den

berekningsstekniske renta vert sett til 4,5 pst. Denne føresetnaden må leggest til grunn når fylkestinget fattar sitt garantivedtak.

Justering av berekningssteknisk rente vil medverke til å auke investeringane i pakken med om lag 80 mill. kroner. I sum utgjer ny bomstasjon i Isdal og endring i berekningssteknisk rente ein mogleg auke i investeringane i pakken på om lag 200 mill. kroner.

Auken i investeringsramma på om lag 200 mill. kroner føreset at fylkeskommunen vidarefører sin andel på 27 % i pakken. Denne vidareføringa vil utgjere omlag 54 mill. kroner og er samansett av summen av meirverdiavgift, som fylkeskommunen får refundert, og ordinære løyvingar. Denne modellen blei lagt til grunn ved etablering av pakken. Dersom fylkeskommunen ikkje vidarefører sin andelen av pakken, må den økonomiske ramma reduserast noko.

### Fordeling av midlar mellom kommunane Lindås og Meland

Auken i inntektene frå ny bomstasjon i Isdal blir fordelt til kommunane Lindås og Meland, ut frå nytte prinsippet. I sum vil Lindås få tildelt 115 mill. kroner og Meland 85 mill. kroner. Midlane vil i hovudsak gå til å styrkje finansieringa av eksisterande prosjekt i Lindås og Meland.

### Endring av prioritering i Meland

I Meland vil justeringane endre prioritering av prosjekt. Fv 564 Fløksand-Vikebø får prioritet nr. 2 av prosjekta i Meland, etter Fv 245 Fosse-Moldekleiv.

Fv 564 Sandskaret – Holme blir delt opp i to etappar, der trafikksikring/undergang Holme inngår i prosjektet Fløksand – Vikebø.

Tabellen under viser prosjekta i Nordhordlandspakken i prioritert rekkefølge etter justering.

PROSJEKTOVERSIKT NORDHORDLANDSPAKKEN. Endringane frå fylkestingets framlegg av des. 2014										
Prioritet	Vegnr.	Kommune	Prosjektnavn	Tiltak	Kostnad	Auka midlar	Rev. kostnad	Finansiering (mill. 2013-kr.)		
					(mill. 2013-kr)	(mill. 2013-kr)	(mill. 2013-kr)	Bompengar	Stat	Fylket (27%)
1	Fv. 565	Radøy	Marås - Solv eit	Ny veg	338		338	247		91
2	Fv. 57	Lindås	Knarvik-Isdal, prosj	Prosjektering, grunnverv	20		20	20		
3	Fv. 245	Meland	Fosse-Moldekleiv	Vegutbetring inkl. g/s-veg	78		78	57		21
4	Fv. 564	Meland	Fløksand - Vikebø inklusiv trafikksikring/undergang Holme	Vegutbetring inkl. g/s-veg / punktutbetring og trafikksikring	115		115	84		31
5	Fv. 564	Meland	Frekhaug-kry sset, inkl. ubedring Fv. 244	Punktutbetring, trafikksikring	15		15	11		4
6	E39	Lindås	Knarvik sentrum	4-felts veg og ny rundkøy ring i aust mv.	169		169	169		
7	E39/Fv. 57	Alle	Kollektiv tiltak E39/Fv. 57 (Bergen, Meland, Lindås)*	Kollektiv tiltak, park&ride	100		100	70	15	15
8	FV565	Austrheim	Ramme tiltak Austrheim	Vegutbetring/trafikksikring	10		10	7		3
9	Fv. 570	Masfjorden	Ramme tiltak Masfjorden	Vegutbetring/trafikksikring	30		30	22		8
10	Fv. 423	Fedje	Ramme tiltak Fedje	Vegutbetring/trafikksikring	2		2	1		1
11	Fv. 569	Modalen	Ramme tiltak Modalen	Vegutbetring/trafikksikring	2		2	1		1
12	Fv. 565	Meland	Trafikksikring Fosse-kry sset	Trafikksikring	10		10	7		3
13	Fv. 409	Radøy	Kollektiv tiltak Radøy (sky sstasjon Manger)	Kollektiv tiltak, tetsstadsutvikling	5		5	4		1
14	Fv. 57	Lindås	Valne-kry sset	Trafikksikring	20		20	15		5
15	E39	Lindås	Molvik-kry sset	Trafikksikring	20		20	20		-
16	Fv. 565	Radøy	Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule	Vegutbetring inkl. g/s-veg	66		66	48		18
17	E39	Lindås	Vikane-Eikangervågen	Vegutbetring inkl. g/s-veg	100		100	60	40	-
18	Fv. 564	Meland	Sandskaret- Holme	Vegutbetring inkl. g/s-veg	59		59	43		16
19	Fv. 565	Lindås	Hilland - grense Radøy	Vegutbetring inkl. g/s-veg	46		46	34		12
		Lindås	Ufordelt ramma Lindås	I hovudsak til eksisterande prosjekt		115	115	84		31
		Meland	Ufordelt ramma Meland	I hovudsak til eksisterande prosjekt		85	85	62		23
			SUM Nordhordlandspakken, ekskl. Ny borgtunnel		1 205	200	1 405	1 066	55	284

### Fordeleling av nye midlar



Detaljar om fordeling av dei nye midlane på prosjekt vert avklart gjennom Kontaktutvalet, i dialog med kommunane etter kvart som reguleringsplanar og reviderte kostnadstal ligg føre.

### Regionvegsjefens tilråding

Fylkestingets vedtak av desember 2014 bidrar til større samsvar mellom nytte og betaling ved etablering av ein ny bomstasjon på fv 57 i Isdal. Fylkestinget vedtok også mindre endringar i pakken. Vedtaket blei fatta med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland. Alle kommunane som har behandla pakken etter fylkestingets vedtak, med unnatak av Meland, har tilrådd Nordhordlandspakken.

Mange vegar i Nordhordland er av dårleg kvalitet. Det gjeld også for vegane i Meland. Det er derfor ønskeleg at alle kommunane i Nordhordland, medrekna Meland, kan ta del i Nordhordlandspakken. Justering av pakken vil innebere at det kan gjennomførast investeringar i storleik 200 mill. 2013 kroner utover opphavleg ramme.

Justeringa får som konsekvens at investeringsramma for pakken aukar frå 1 205 mill. 2013 kroner til 1 405 mill. 2013 kroner. Regionvegsjefen tilrår den fordeling av den auka investeringsramma som er foreslått mellom kommunane Lindås og Meland. Regionvegsjefen vil tilrå ei berekniskteknisk rente på 4,5 %.

Regionvegsjefen vil rå kommunane som skal gje uttale til å slutta seg til dei justeringar som er foreslått.

### Saksgang

Framlegget til justeringar i Nordhordlandspakken som her er skildra går med dette ut på høyring til kommunane: Lindås, Meland, Austrheim, Fedje, Modalen, Masfjorden, Radøy og Bergen. Etter at kommunane har uttalt seg, vil justert bompengesøknad bli sendt til fylkeskommunal behandling. Det vert lagt opp til endeleg handsaming av Nordhordlandspakken i fylkestinget i juni 2015. For å nå fylkestingets behandling er siste frist for kommunal handsaming av dette endringsframlegget sett til 21. mai 2015.

Førespurnaden om uttale er sendt til følgjande kommunar:

Lindås  
Meland  
Austrheim  
Fedje  
Modalen  
Masfjorden  
Radøy  
Bergen

Statens vegvesen Region vest

Med helsing



Helge Eidsnes  
Regionvegsjef



Tone Margrethe Oppedal

## PROTOKOLL

### Styremøte i Nordhordlandspakken AS

**Stad:** Nordhordland Utvikingsselskap IKS

**Tid:** Torsdag 26. mars kl. 08:30 - 10:30

**Nr.:** Styremøte: 3-2015

**Til stades:**

Styre:	Pål Kårbø, Leidulv Brunborg, May Eva Sandvik, Kristian Helland
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Nils Marton Aadland, Helge Hopen, Helge Sandvik, Kristian Bauge
Forfall:	Kristin Handeland, Jon Askeland

Saksnr.	Saker
4/15	<p><b>Innkalling/saksliste/protokoll</b></p> <p>Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Protokoll frå møte 2-2015 vart godkjend utan merknadar.</p>
5/15	<p><b>Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – status</b></p> <p>Styreleiar informerte kort om status sidan sist.</p> <p>Styreleiar og Helge Hopen har hatt eit orienteringsmøte for gruppeleiarane i Meland kommune onsdag 11. mars. Her presenterte dei ei skisse der ein reknar inn inntektene for bomstasjon i Isdal (jf. fylkestinget sitt vedtak), samt ei innsparing på ei kalkylerente frå 6,5 % til 4,5 % - totalt utgjør dette kr 200 mill. I tillegg vart det lagt fram ei mindre justering av pakken der to prosjekt i Meland vert gitt høgare prioritet.</p> <p>Torsdag 19. mars vart ei liknande orientering gitt til gruppeleiarane i Lindås. Dei var opptatt av at auka midlar måtte medføra økonomisk styrking av eksisterande prosjekt. Same kvelden var styreleiar og Helge Hopen invitert til eit styre-/gruppemøte i Meland Ap for å svara på evt. spørsmål. I ettertid har gruppeleiar i Meland Ap Rolf Hansen sendt e-post til ordføraren i Meland der Meland arbeidsparti ber om at kommunestyret handsamar Nordhordlandspakken på nytt basert på dei nye justeringane som dei meiner vil styrkja prosjekta og satsinga i Meland. Med bakgrunn i dette vil Meland Arbeidsparti støtta forslaget om ny vegpakke.</p> <p>Det er også ønske frå Meland Senterparti og Miljøpartiet dei grønne (MDG) om at kommunestyret handsamar saka på nytt. Grunngevinga frå MDG er at dei nye opplysningane av demokratiske årsaker er slik at kommunestyret må ta stilling til dette.</p> <p>Med bakgrunn i dette vart styret i dag lagt føre ei sak med ei mindre justering av pakken. Saka må styrehandsamast i dag, og snarast sendast over til Statens Vegvesen. Vidare framdrift vil vera at Statens Vegvesen sender ut eit brev til dei ulike kommunane i Nordhordland for stadfesting av støtte. Kommunestyra bør handsama dette i perioden medio april til slutten av mai. Gitt positiv tilslutnad i kommunane vil søknaden koma opp for endeleg handsaming i Hordaland fylkesting sitt møte i juni. Søknaden vil deretter verta sendt til Vegdirektoratet med forventning om handsaming i Stortinget våren 2016.</p>

	<p>Helge Hopen presenterte så nærare den justerte søknaden og viste til at det er ein liten, men positiv justering grunna styrkja økonomi i den. Ein har ikkje gått vidare med å dela inn pakken kommunevis då ein meiner dette vil rota det heile til. Det kan bli oppfatta som ein ny pakke – ein kommunepakke og ikkje ein regionpakke som dette er – og heile tida har vore meint som.</p> <p>Deretter diskusjon og drøfting i styret. Alle var positive til endringane og til føreslått framdrift. Styret peika på at det er sær s viktig at vegvesenet handsamar saka så fort det let seg gjera, og får ut ei ny sak til kommunane snarast. Helge Sandvik bekrefta at vegvesenet vil prioritera dette. Vidare peika styret på at det er viktig at kommunane handsamar saka innan 21. mai slik at fylkestinget kan handsama det i juninget.</p> <p>Møtet gjorde uttrykk for at dei var sær s fornøgd med den jobben vegvesenet har gjort – og den prioriteringa dei har på arbeidet.</p> <p>Helge Hopen peika på at det er viktig å ha fokus på det som ligg i pakken, og at ein må kommunisera dette på ein riktig og god måte.</p> <p>Møtet peika på at det no er viktig at politikarar og andre står opp for pakken.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det vert vist til vedtak i Meland kommunestyre 25.3.2015 der kommunen ber om ny handsaming av Nordhordlandspakken basert på skisse til justert pakke. Styret i Nordhordlandspakken har på denne bakgrunn bedt om at Statens vegvesen Region Vest utarbeidar ei kortfatta sak til alle kommunane med informasjon om framlegget til justering av Nordhordlandspakken i forhold til den versjonen som kommunane handsama i januar/februar 2015. Justeringane av pakken er som følgjer: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Auka investeringsramme med kr 200 mill. basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.</li> <li>▪ Fordeling av dei nye investeringsmidlane med kr 115 mill. til Lindås og kr 85 mill. til Meland.</li> <li>▪ Prioritering av prosjekt Fv. 564 Fløksand – Vikebø opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.</li> <li>▪ Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt Fv. 564 Sandskaret – Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.</li> </ul> </li> </ol> <p>Alle andre føresetnader for pakken er uendra (takstnivå, bompengerperiode, planlagde revisjonar av pakken med innfasing av Knarviktunnelen og Nyborgtunnelen mv.)</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Styret legg til grunn at saka som går ut til kommunane rett over påske vert kortfatta og fokuserer på endringane i forhold til fylkestingets opplegg – og at kommunane med dette blir bedt om å ta stilling til om dei sluttar seg til endringane. Det vert lagt opp til endeleg handsaming av Nordhordlandspakken i fylkestinget i juni 2015. Basert på opplysningar om nødvendig tid til sakshandsaming vert siste frist for kommunal handsaming av endringsframlegget sett til 21. mai 2015.</li> </ol>
6/15	<p><b>Førebels rekneskap</b></p> <p>Førebels rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 vart gjennomgått. Rekneskapet syner eit underskot for 2014 på kr 2 000, mot budsjettet overskot på kr 49 000. Dette medfører at selskapet framleis har ein anstrengt økonomi. I tillegg har Bergen kommune fortsatt ikkje gjeve tilsegn om midlar for 2015.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Styret vedtok at årsmelding 2014 og rekneskap for 2014 vert handsama i neste ordinære styremøte.</p>

7/15	<b>Eventuelt / ymse</b>
	<b>Informasjonsfolder</b> Styreleiar orienterte kort om møte med mediarådgevar / kommunikasjonsbyrå. Positiv tilbakemelding på informasjonsfolder, men den må finansierast. Møtet var og positiv til at det vert laga ein informasjonsfolder, og at den evt. må setja Nordhordlandspakken i riktig kontekst med kva prosjektet vil ha å seia for utvikling av regionen med omsyn til t.d. arbeidsplassar, etablering av næring og bustadområder m.v. Styret bad om at styreleiar innhenta priser på dette.
	<b>Neste styremøte</b> Styreleiar sender ut alternative datoar for neste møte.

Knarvik, 9. april 2015

Pål Kårbø (sign)  
Styreleiar

Rune Heradstveit (sign)  
Referent / dagleg leiar Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Presentasjon - vegen vidare. Helge Hopen

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		15/417

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2015	Formannskapet	PS	13.05.2015

### Referatsak

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Referatsaker vert tekne til orientering
- Orientering om busetting av flyktningar
  - Drøftingar kring framtidig investeringsbehov

#### Saksopplysningar: